

# Saksinnmelding

---

Går til: Samarbeidsutvalet for Nordhordland  
møte: 21. september 2021  
Sak nr: 36/21  
Saksbehandler: Geir Lien

## **Forløpsgruppe psykose - deltaking frå kommunane**

Arbeidet med å utvikle gode pasientforløp for personar med ei alvorleg psykisk lidning har vore gitt høg prioritet både i kommunane og i spesialisthelsetenesta.

Psykolose forløpet blei iversett i 2012. Gjennom dette forløpet fekk vi ei meir systematisk oppfølging av personar med ei psykoseliding. Det blei utvikla samarbeidsrutinar for å sikre god og forpliktande dialog mellom kommunane og spesialist helsetenesta slik at den einskilde pasient fekk fagleg god behandling. Desse rutinane ligg i dag ute på saman.no, og i Helse Bergen HF er dei lagt inn i EK.

Ved oppstart av psykoseforløpet blei det oppretta ei eiga forløpsgruppe med deltakarar frå kommunane, spesialist helsetenesta og brukarane. Forløpsgruppa skal arbeide for at behandlingstilbodet til pasientar med ei psykoseliding blir utforma i tråd med dei tiltak/samarbeidsrutiner psykoseforløpet har skissert.

Arbeidet i forløpsgruppa har siste åra vore nede og det er trong for å revitalisere forløpsgruppa. Den nye forløpsgruppa vert leia av klinikkdirektør Liv Åse Dybdal, Øyane DPS og det er med representant frå Psykiatrisk klinikk og frå dei private ideelle DPSa. Vidare er det med to brukarrepresentantar, ein oppnemnd av brukarutvalet og ein oppnemnd av erfaringspanelet.

Det er ønskelig å få med representantar frå kommunane, ein frå kvart samarbeidsutval område. Det er viktig at dei som vert oppnemnd har kjennskap til og arbeidet med denne type problematikk, helst på leiarnivå.

Deltakarane i forløpsgruppa vert oppnemnde for 2 år, ut 2023. Forløpsgruppa vil i utgangspunktet ha møte to ganger i semester.

## **Framlegg til vedtak:**

Samarbeidsutvalet for Nordhordland oppnemner NN til å representere kommunane i utvalsområdet i *Forløpsgruppe psykose*